

---

**Saksnr:** 2025/1114-4  
**Saksbehandlar:** Anders Søyland

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og inkludering		12.02.2025

**Statleg sikring og tilskot til grunnleggande istandsetting av friluftsområde 2025**

## Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og inkludering tilrår at Miljødirektoratet gjer vedtak om statleg sikring og tildeling av tilskot til grunnleggande tilrettelegging i følgjande område, i prioritert rekkefølge:

Prioritet	Søklar	Område (kommune)	Omsøkt sum sikring	Omsøkt sum istandsetting
1	Bergen og Omland friluftsråd	Solfjell (Askøy)	545	313 500
2	Hyllestad kommune	Lekva	70 570	594 000
3	Stord kommune	Sponavika	1 375	250 000
4	Bergen og Omland friluftsråd	Rasmusviken – Holmeknappen (Alver)	5 000	350 000
5	Bergen og Omland friluftsråd	Sandevika (Gulen)	272	1 122 500
Sum			<b>77 762</b>	<b>2 630 000</b>

Nærare vurdering av kvar enkelt søknad er vist i vedlagt samanstilling.

## Samandrag

Føremålet med statleg sikring er å bidra til ei langsiktig og føreseieleg forvaltning av mykje brukte friluftslivsområde, eller område som har potensiale for høg bruk. Statleg sikring bidreg til at friluftslivet styrkast som ein helsefremjande fritidsaktivitet og at folk får høve til å utøve friluftsliv i sine nærområde. Innan søknadsfristen 15. januar kom det inn 5 søknader om statleg sikring av friluftsområde i Vestland.

Per Morten Ekerhovd  
direktør  
kultur og folkehelse (KFO)

Britt Karen Spjeld  
seksjonsleiar  
KFO - Fysisk aktivitet og inkludering

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Søknadar statleg sikring 2025

- 2 Soknad Sponavika.pdf
- 3 Soknad Lekva - parkeringsplass.pdf
- 4 Vedlegg 1 - Prosjektskildring.pdf
- 5 Avtale - Norvald Hellem.pdf
- 6 Situasjonsplan - Parkeringsplass.pdf
- 7 Kommuneplan 2009 - vedteken utgave.pdf
- 8 kommuneplan 2009-2020 med teiknforklaring(1).pdf
- 9 Avtale - Norvald Hellem.pdf
- 10 Faktura - fradeling og oppmaling.pdf
- 11 Budsjett.pdf
- 12 Faktura - fradeling og oppmaling.pdf
- 13 Faktura - tinglysing og dokumentavgift.pdf
- 14 Soknad Sandevika.pdf
- 15 Servituttbelagt område.png
- 16 Konsekvensutgreiing utført av Gulen kommune.docx
- 17 Signert servituttavtale begge parter.pdf
- 18 Soknad Rasmusviken - Holmeknappenpdf
- 19 Rasmusviken - Holmeknappen.pdf
- 20 Holmeknappen Kystsogedagane.png
- 21 Soknad Solfjell.pdf
- 22 Solfjell plankart.pdf
- 23 Solfjell friluftslivsomrade kart.pdf
- 24 Vurdering av naturmangfald - Sponevika
- 25 Sponavika - vurdering naturmangfold
- 26 Tilretteleggingstiltak i Sandevika - Gulen kommune
- 27 Tilretteleggingstiltak i Sandevika

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fylkeskommunen har ansvar for å vurdere og prioritere innkomne søknadar om statleg sikring av friluftslivsområde. Fylkeskommunen si prioritering og tilråding skal innan 1. april sendast til Miljødirektoratet, som har endeleg avgjerdsmynde i sikringssakane. Hovudutval for kultur, idrett og inkludering får referatsak om utfallet i løpet av hausten.

For lokale friluftsområde, som primært vert nytta av brukarar frå den aktuelle kommunen, kan det gis statleg tilskot på opptil 50 prosent av sikringskostnadane. For regionale områder, der det er sannsynleg at over halvparten av brukarane kjem frå andre kommunar, kan det gis tilskot på inntil 100 prosent av sikringskostnadane. Inntil 50 prosent av kostnadene ved grunnleggjande istandsetting kan dekkast av staten.

Eit friluftsområde kan sikrast ved erverv av eigedomsrett eller ved avtale om varig bruksrett (servituttavtale). Vederlagsfri omgjerung inneberer at kommunen eller friluftsrådet søker om at eit allereie etablert kommunalt friluftslivsområde skal få status som statleg sikra friluftslivsområde.

Det kan søkast om støtte til grunnleggjande istandsetting samstundes med at det søkast om sikring. Miljødirektoratet som fordelar midlar til grunnleggjande istandsetting på bakgrunn av samla søknadssum og tilgjengelege budsjettmidlar. Med grunnleggjande istandsetting meinast tiltak som er naudsynte for at området skal kunne nyttast som eit friluftslivsområde. Dette kan t.d. vere opparbeiding av tilkomst og andre grunnleggjande tilretteleggingstiltak. Det blir normalt ikkje gjeve tilskot til tiltak som kvalifisere for spelemidlar.

For område som blir statleg sikra er det mogleg å søke på den årlege tilskotsordninga for midlar til skjøtsel og tilrettelegging, noko som er ein stor fordel for kommunen eller friluftsrådet som forvaltar området.

I følge Miljødirektoratet sine retningslinjer for ordninga skal friluftsområde som er lette å nå for mange prioriterast høgt. I prioriteringa av områda er det lagt vekt på om området ligg i nærleiken til bustadområde eller tettstad og om det enkelt kan nåast til fots, med sykkel eller med kollektivtransport. Det er og lagt vekt på om det aktuelle området er regulert til friluftslivsføremål og om aktuelle tilretteleggingstiltak er i tråd med plan.

Området Solfjell på Askøy prioriterast på topp. Dette området er regulert til friområde og ligg i gang- og sykkelavstand til Kleppestø, kommunesenteret på Askøy. Vederlagsfri omgjerung gjer at kostnadane ved sikring blir låge og prosessen med sikring enkel. Området har potensiale for høg bruk, både frå lokalbefolkninga og tilreisande, t.d. frå Bergen

Lekva i Hyllestad ligg ikkje i nærleik til bustadsområde/tettstad, men blir likevel prioritert som nr. 2 fordi dette området vil fylle ein spesiell funksjon som parkeringsplass. Dette vil vere eit viktig tiltak for å handtera dei mange tilreisande som kjem for å gå til turmålet Lifjellet. Turen til Lifjellet er blitt svært populær etter at denne var med i TV-produksjonen 71 grader nord.

Sponavika på Stord er eit friområde som allereie er opparbeida med m.a. turvegar og badestrand. Området ligg i kort avstand til kommunesenteret Leirvik og har potensiale for mykje bruk. Også her er det snakk om vederlagsfri omgjerung og låge sikringskostnadar. Området prioriterast som nr. 3 da potensiell bruk antakast å vere noko mindre enn Solfjell på Askøy og behovet for sikring kan seiast å vere mindre enn for Lekva i Hyllestad, i og med at området allereie er regulert til friområde og til ein viss grad «ferdig tilrettelagd».

Holmeknappen i Alver kommune prioriterast som nr. 4, da dette området antakast å ha lågare og meir lokal bruk enn dei tre områda som er prioritert på topp. Den avgrensa størrelsen på området gjer også at den potensielle funksjonen området vil få som friluftsområdet vert noko avgrensa.

Sandevika i Gulen prioriterast som nr. 5, da dette området truleg er området med lågast potensiale når det gjeld bruksomfang. Bruken vil i stor grad vere lokal og kostnadane for opparbeiding er

relativt høge. Det er og grunneigarforhald og omsyn til naturmangfald som gjer at sikringsprosessen kan bli litt meir utfordrande her enn for dei andre områda.

Fylkeskommunen skal vurdere om områda som søkast statleg sikra er eigna som friluftslivs-område og sjå til at sikring og evt. opparbeiding til friluftslivsføremål ikkje er i konflikt med andre verneverdiar, t.d. naturmangfald eller kulturminne. Konsekvensane for naturmangfald skal vurderast etter dei miljøretteslege prinsippa i naturmangfaldslova (nml) §§ 8-12.

I to av områda, Sponavika og Sandevika, er det registrert viktige naturtypar (strandeng og strandsump) og i det eine område også ein utvalt naturtype (slåttemark). Det er vurdert at statleg sikring i seg sjølv ikkje vil få konsekvensar for desse naturtypane. Ved søknad om tilretteleggingstiltak i områda må det gjerast ei nærare vurdering av kva konsekvensar tiltaka vil få for naturverdiane. Det bør og lagast skjøtelsesplanar som visar korleis naturtypane skal ivaretakast.

Det er sjekka i fylkesatlas om det er registrerte kulturminne i områda som søkast statleg sikra. I området Holmeknappen er det ei kai (Skitkaien) som er verna som kulturminne etter plan og bygningslova. Direktør for kultur og folkehelse er positiv til at Bergen og Omland friluftsråd overtek forvaltninga av kaia og områda rundt. Planlagde tiltak vurderast ikkje å kome i konflikt med kulturminnestatusen til kaia.

Budsjett:	Statleg tilskot, løyvast av/ Miljødepartementet
Søknadsfrist:	15. januar
Vedtaks kriteria:	Miljødirektoratet gjer vedtak i saka. Rundskriv t-1 /20
Kriteria og Informasjon:	<a href="#">Tilskot til statleg sikring av friluftsområde - Vestland fylkeskommune</a>
Tal på søknadar:	5
Tal på søknadar som er tilrådd:	5
Søknadssum skiring:	kr 77 762
Søknadssum Istandsetting:	kr 2 630 000

### Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og inkludering har avgjerdsmynde i saker om «fordeling av statlege tilskots- og stønadsordningar innanfor sitt arbeidsområde», jf. reglement for kultur, idrett og inkludering punkt 3, andre kulepunkt.

### Vurderingar og verknader

#### Administrative/økonomiske konsekvensar:

Det er Miljødirektoratet som løyver tilskot til statleg sikring og grunnleggande tilrettelegging av friluftsområde. Statleg sikring har såleis ingen økonomiske konsekvensar for Vestland fylkeskommune.

#### Klima:

Statleg sikring av friluftsområde har ingen direkte konsekvensar for klimagassutsleppa i Vestland Fylkeskommune. Friluftsområde som er nær byar og tettstadar og som enkelt kan nåast utan bruk av bil eller (motor)båt prioriterast.

**Folkehelse:**

Statleg sikring bidreg til ei langsiktig og føreseieleg forvaltning av friluftslivsområda. Å sikre at befolkninga har tilgang til gode område for rekreasjon og friluftsliv bidreg til ei meir aktiv befolkning og betre folkehelse.

**Utviklingsplan for Vestland 2024-2028 (Regional planstrategi):**

Å legge til rette for godt tilrettelagte friluftslivsområde i nærleiken av der folk bur fell inn under strategi 5 i utviklingsplanen: *Vestland skal sikre høg deltaking i arbeids- og samfunnsliv gjennom gode oppvekstvilkår, livslang læring og attraktive lokalsamfunn.*

Friluftsliv er den vanlegaste forma for fysisk aktivitet i fritida og er noko som eit breitt lag av befolkninga driv med på regelmessig basis. Å legge til rette for at flest mogleg kan gå på tur og drive med friluftsliv i nærleiken av der dei bur, bidreg til sosial utjamning og betre folkehelse. Eit godt friluftslivstilbod og tilgjengelege turområde bidreg til attraktive lokalsamfunn og bulyst.

**Konklusjon**

Avdelingsdirektør tilrår i prioritert rekkefølge statleg sikring av alle dei fem områda som det er søkt om. Fylkeskommunen si tilråding om sikring, med prioritering og individuell vurdering, sendast til Miljødirektoratet.